



Time kommune v/Økonomsjef Aud Steinsland

Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato:

20/576 - 4 / GUST

09.06.2022

## **Innspel til kommunens økonomiplan 2023-2026**

Time kyrkjelege fellesråd legg i juni kvart år fram innspel til Time kommune sin økonomiplan. Framlegget skal synleggjere planlagde investeringar og behov innan drift 4 år fram i tid og rullerast kvart år. Vedlagt er fellesrådets innspel for perioden 2023-2026, vedtatt i møte 08.06.22.

Time kommune har tidlegare år bevilga pengar til investering/oppgradering av kyrkjene i Time. Ved årsslutt 2022 vil det ut frå budsjettet fortsatt stå igjen 1,6 mill. i dette fondet. Det er difor ikkje spelt inn behov for friske midlar i 2023, men er lagt inn stipulert rammesum frå 2024.

I driftsbudsjettet er det frå 2021-2024 sett fokus på behova for administrative ressurser og vedlikehald i Frøyland-Orstad sokn, som Time og Klepp kommunar har delt finansieringsansvar for.

Time kyrkjelege fellesråd ønskjer å takke for godt samarbeid med Time kommune i vårt felles mål om å gjere kommunen vår ein trygg og god plass å bu.

Med helsing

Gunnar Bjorland Stone  
Kyrkjeverje

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

### **Kopi til**

Reid Ivar Bjorland Dahl  
Trygve Apeland

### **Vedlegg**

Innspel til økonomiplan 2023-2026